

Høyringsuttale om grunnlag for områdeplan og skulestruktur frå FAU v/Krokane skule

FAU ved Krokane skule har gjennom den prosessen som har gått føre seg, stilt ein god del kritiske spørsmål til kommuneadministrasjonen og politikarane våre. Å skrive ei ny høyringsuttale, som ikkje vert ei gjentaking, er noko utfordrande. Momenta frå tidlegare høyringsuttalar står vi framleis for og desse vil vi la lagt ved som vedlegg til høyringsuttalen vår.

Potensiale

Krokane skule er ein skule med stort og ubrukt potensial. Det er moglegheit for vekst og det er moglegheit for å tenkje nytt og spennande. Det er mogleg å tenkje langsiktig og skape ein skule for framtidens utfordringar, eller forhåpentlegvis ein skule som kan handtere framtidig vekst. Skulane i Kinn kommune er ikkje unike; ein har mange barn med særskilde behov og utfordringar. Kommunen har behov for å klare å rekruttere og halde på lærarar i lærarstillingar. Løysinga på dette er ikkje å lappe på eit 90 år gammalt bygg og auke klassestorleiken utan å ta tak i dei andre utfordringane og manglane i skulen. Slike tiltak krev pengar, som ikkje er tilgjengelege. Vi kan til dømes vise til Utdanningsforbundet si uro knytt til Høgre sin skulepolitikk om lærarnorm, som var publisert i *Firdaposten*.

På Krokane skule kan ein utvide både i breidda og i høgda innafor tilgjengeleg tomteareal. Elevane har tilgang til eit stort og variert uteareal. Veggen til urørt natur er kort. Symjehallen er i gå- og sykkelavstand. Det same er kulturhuset og kystmuseet. Krokane skule ligg ved innfartsvegen til Florø og er eit naturleg stopp for foreldre på veg til jobb, butikk, lege eller frisør. Rundkøyringa avhjelper trafikken i området, og parkeringsplassen ved Krokane skule fungerer bra per dags dato til levering og henting av barn. Det kan ved økt trafikk og elevmasse enkelt gjerast små grep for å oppretthalde trygge droppsoner. Foreldre slepp å vere redde for å køyre på eigne eller andre sine barn. Dette er ein stor bonus, og heilt i tråd med overordna planar og nasjonale føringar.

I tillegg har ein høve til å tenkje nytt rundt barn med utfordringar og særskilde behov. Kunne ein i Kinn kommune tenkje nytt og lage ein skule der desse barna kan

blomstre, og ikkje berre verte ein del av statistikken i avvikshandteringssystemet til kommunen?

Moglegheitsstudie – ein utopi

Moglegheitene for Krokane skule er store. Moglegheitene for at ein utbyggjar vel å bygge ut tomta til bustader med felles gartneri/drivhus, eldresenter eller treningssenter som ikkje er kommunalt drifta, kafé/bakeri m.m., slik ein har tenkt ut frå moglegheitsstudiet at ein utbyggjar skal gjere, er utopi. Saman med området Furuhaugane omsorgssenter ligg på, som skal rivast når sjukeheimen vert fasen inn i det nybygde Albertatunet, vil Krokane som bydel – ein bydel som allereie treng eit kraftig løft – stå igjen med to store gapande sår. Prosjektet «Huset på Prærien» kom seg ikkje vidare, på grunn av for få interessentar. Det er tvilsamt at dette vert annleis på motsett side av innfartsvegen.

Til samanlikning kan ein sjå på tomta Florø barneskule står på per dags dato. Tomta er sentral, det er kort avstand til lege og alt anna av funksjonar eit menneske kan tenkje seg. Tomta ligg fint til og har ei fantastisk utsikt over vatnet og kort avstand til flotte turstiar rundt vatna i Florø. Vi lurar framleis på korleis kommuneadministrasjonen meiner å kunne få 12 millionar for tomta Krokane skule står på, men til samanlikning berre 5,25 millionar for tomta Florø barneskule står på.

Vel kommunen å bevare Krokane skule og nytte det potensialet denne skulen og tomta har, vil ein kunne løyse framtidige utfordringar knytt til fallande elevtal. Ein vil kunne endre kretsgrenser i høve til andre skular utan store utfordringar, og dersom prognosen til Brandsøy skule vert realisert, vil kommunen kunne auke elevtalet for denne skulen gjennom grensejusteringar.

Krokane skule kan òg vere til hjelp for Florø barneskule i ein periode, dersom Florø barneskule skal rehabiliterast slik den står i dag, eller dersom ein vel å bygge ein ny skule på ein meir egna plass både med tanke på tomteareal, uteareal og trafikale utfordringar i området.

Trygg skuleveg

Kommunen har rekna skulevegen som trygg for ungdomsskuleelevar som skal ferdast frå Torvmyrane til ungdomsskulen, men dersom denne vurderinga stemmer, er vi uansett usamde i at dette kan gjelde for barn heilt ned i 1. klasse. Skulevegen

gjennom skogen til Torvmyrane er ein gruslagt og belyst skogsveg, men han er svært bratt og ikkje brøyta vinterstid. Når isbelegg legg seg, blir vegen særst vanskeleg – i praksis uforsvarleg – for små barn (eller menneske generelt) å ferdast på.

I følgje opplæringslova § 13-4 og Utdanningsdirektoratet sine retningslinjer skal trygg skuleveg vurderast etter alder, vær- og føreforhold og universell utforming. Etter desse kriteria kan vegen ikkje reknast som trygg for barn heilt ned i 1. klasse.

Ved å bevare Krokane skule unngår kommunen både krav om skyssordningar og risikoen ved å sende dei yngste elevane ut på ein utrygg vinterveg.

Statsforvaltaren

I februar 2025 sendte FAU ved Krokane skule ein bekymring til statsforvaltarens kontor, der vi tok føre oss korleis kommunen vel å gå vekk frå overordna plana og føringar i denne saka. Vi mottek då eit svar om at dei hadde forståing for vår bekymring, dei sa noko om den omfattande prosessen som var knytt til vedtak av kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy i 2022 og at dei ville følgje denne saka når den kom tilbake til deira kontor med nytt planframlegg. Har kommunen no teke høgde for desse faktorane når ein skal vurdere skulestrukturen på nytt? Dette med bakgrunn i at kommuneadministrasjonen tidlegare har foreslått å bevare to skular lengst frå bykjerna og sentrale funksjonar, med lokasjon som vil føre til auka trafikk i område som ellers ikkje ville opplevd dette.

Oppfordring til politikarane

Gjennom denne prosessen har FAU ved Krokane skule stilt mange kritiske spørsmål, men vi opplever framleis at dei ikkje er godt nok besvarte. Difor ber vi dykk som politikarar om å ta stilling til følgjande:

1. Dersom du ser bort frå alderen på bygget til Krokane skule, men heller vurderer:
 - lokasjonen til skulen
 - tomtestorleiken og moglegheitene denne gir for å utvikle skulen

- nærleiken til urørt natur og sentrale funksjonar (symjehall, kulturhus, kystmuseum m.m.)
- talet på kommunale bustadar i området, samt asylmottaket
- utviklingsmoglegheitene for å ruste Krokane skule for framtidens utfordringar

– meiner du då framleis at det er rett avgjerd å legge ned Krokane skule, dersom du ikkje legg til grunn kommuneadministrasjonen si «etablerte sanning» om kostnader?

2. Er du heilt overtydd om at nedlegging er den einaste løysinga som er utelukkande rett og best for elevane?

Eller er det i realiteten ei løysing som er «godt nok» for elevane, men først og fremst bra for kommunen, som vil investere pengar og unngå ROBEK?

3. Meiner du at elevane som skal gå på ein lappa Florø barneskule vil få ein like god og funksjonell skule – når det gjeld inneklima, uteareal, utforming m.m. – som elevane ved nye Skram skule får?

Og kan ein vere trygg på at dette ikkje blir eit prosjekt som stadig vil krevje meir fersk kapital?

Vi ber dykk om å setje elevane sine behov først, og ta avgjerder som sikrar dei ein trygg, funksjonell og framtidsretta skulekvardag.

Mvh.

FAU ved Krokane skule